

Høyring - Evalueringen av Innovasjon Norge (IN).

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

**Fylkesrådmannen rår Hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune viser til vurderinga i avsnitt 3 i saksutgreiinga og understrekar følgjande som fråsegn til høyringsdokumentet:

- 1 Innovasjon Norge spelar ei viktig rolle for utvikling av næringslivet i Sogn og Fjordane
- 2 Innovasjon Norge har demonstrert at organisasjonen meistrar både å ivareta distriktsutvikling og innovasjon. Innovasjon Norge må også i framtida ha som oppdrag å handtere begge desse to omsyna
- 3 Innovasjon Norge må styrkast som "ei dør" inn til det bedriftsretta verkemiddelapparatet.
- 4 Fylkeskommunen ser fram til rolla som medeigar i Innovasjon Norge.
"Samarbeidsforum for Innovasjon Norge" må få status som ein viktig koordineringsarena mellom eigarane.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

Brev frå Nærings- og handelsdepartementet dagsett 15.09.2010

Uprenta vedlegg:

Evalueringsrapport, Econ-rapport R-2010-054, ferdigstilt 15/8 2010

Sjå: NHD sine nettsider (<http://www.nhd.no>) under "Høyringer"

(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/nhd/dok/horinger.html?id=2030>).

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Fylkeskommunen er bedt om å gi si fråsegn til evalueringa av Innovasjon Norge av august 2010. Vurderinga er inndelt slik:

- Innovasjon Norge sin verdi for næringsutviklingsarbeidet i fylket
- Spesielt om målet "næringsutvikling basert på regionale føresetnader"
- Om trongen for eit oversiktleg verkemiddelapparat
- Om eigarskap

2. ORIENTERING

Bakgrunn for at saka er reist

Innovasjon Norge er evaluert etter oppdrag frå Nærings- og handelsdepartementet. Fylkeskommunane er mellom dei instansane som er bedt om å gi sine kommentarar til evalueringa. Fristen er sett til 1. februar 2011.

Historikk - tidlegare vedtak

I fylkeskommunen si eigarmelding for 2010 viser fylkesrådmannen til FT sak 63/09 om fylkeskommunalt eigarskap i Innovasjon Norge. I saka vert det formelle grunnlaget for fylkeskommunen sitt eigarskap til Innovasjon Norge frå 2010 handsama.

Hovudutval for plan og næring formulerer årleg føringar for Innovasjon Norge. For 2010 skjedde handsaminga i HPN-sak 6/10.

Kort om Innovasjon Norge

Innovasjon Norge vart etablert i 2004 ved samanslåing av Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, Norges Eksportråd, Norges turistråd og Statens veilederkontor for oppfinnere. Innovasjon Norge er organisert som eit særlovselskap der staten frå 1/1 2010 eig 51% og fylkeskommunane 49%. Selskapet sit føremål er å fremje bedrifts- og samfunnsmessig lønsam næringsutvikling i heile landet og utløyse ulike distrikt og regionar sine næringsmulegheiter gjennom å medverke til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge har 4 delmål:

- Å medverke til auka innovasjon i heile landet
- Å medverke til auka internasjonalisering i heile landet
- Å styrke profileringa av Noreg og norsk næringsliv internasjonalt
- Å medverke til næringsutvikling basert på regionale føresetnader

Organisasjonen hadde i 2008 762 årsverk. I tillegg til hovudkontoret i Oslo er det 15 distriktskontor og 30 utekontor.

Evaluering av Innovasjon Norge, ferdigstilt 15/8 2010.

Innovasjon Norge har ikkje vore evaluert heilskapleg sidan opprettinga i 2004. Evalueringsoppdraget hadde følgjande tredelte problemstilling (kortform):

- Om IN oppfyller målet med organisasjonen.
- Effektane av samanslåinga av dei 4 tidlegare organisasjonane.
- Identifisere framtidige utfordringar.

Kort om hovudfunn og tilrådingar:

Evaluator (Econ Pøry i samarbeid med Agenda og Damvad) sine funn kan kort oppsumerte slik:

- Med "stor sannsynlighet" medverkar Innovasjon Norge til auka verdiskaping i Noreg.
- Selskapet formidlar finansielle verkemiddel på ein profesjonell og fagleg solid måte.
- Innovasjon Norge har i for lita grad utvikla seg til å bli ein kunnskapsorganisasjon og premissgjevar for utvikling av norsk næringspolitikk.
- Samanhengen mellom mål og verkemiddel er uklar og bør bli tydelegare.
- Målstrukturen bør betrast og styringa bør i større grad baserast på rammestyring.
- Ein større del av verkemidla bør ha innovasjon av nasjonal og internasjonal karakter som mål.
- Ein større del av verkemidla bør gjerast tilgjengelege for bedrifter i sentrale strøk.
- Det vert ikkje avdekka trong for å endre dagens organisasjonsstruktur.
- Fusjonen i 2004 har gitt positive synergieffektar; særleg for reiselivet. Men det er behov for betre samhandling mellom hovudkontor, utekontor og distriktskontor.
- Profileringsav norsk næringsliv er styrka i evalueringsperioden.
- Midlar til næringsutvikling basert på regionale føresetnader har auka etter 2004, men innovasjonsinnhaldet i denne typen prosjekt er for lågt.
- Særleg Bygdeutviklingsmidlane (landbruk) reduserer måloppnåinga m.o.t. innovasjonsgrad og evaluator tilrår at BU-verkemidla i framtida vert forvalta utanfor Innovasjon Norge.
- Innovasjon Norge får for mange detaljerte oppdrag, har unødig høgt tal verkemiddel og for mange sektorprogram. Dette vanskeleg gjer måloppnåing.

Evaluator tilrår utdjupande evaluering av:

- Utekontora si rolle i internasjonaliseringsarbeidet.
- Innovasjon Norge som del av samla offentleg profileringsinnsats.

Evaluator har også kommentert forholdet mellom Innovasjon Norge og eigarane (staten var eigar i evalueringsperioden). Dei observerer at det er lita kontakt mellom hovudstyret og eigarane ut over dei formelle kontaktpunkta ved foretaksmøtet og i samband med større satsingar. Evaluator tilrår at eigarane vurderer korleis styringssystemet og styringsdialogen mellom eigarane og Innovasjon Norge kan vidareutviklast. Hovudstyret kan brukast meir aktivt for å utvikle Innovasjon Norge som kunnskapsorganisasjon og som næringspolitisk premissgjevar.

Nærings og handelsdepartementet ber om kommentarar og innspel og nemner spesielt:

- Om Innovasjon Norge oppnår sitt hovudmål og 4 delmål.
- Vårt syn på samansetting av tenester, tilgjenge for brukargrupper og samfunnsøkonomiske effektar.
- Målstrukturen si kopling til verkemidla
- Framlegget frå evaluator om å gjere delmålet "næringsutvikling basert på regionale føresetnader" til ei gjennomgåande føring og ikkje eit eige delmål.
- Vårt syn på framlegget om at prosjekta som får støtte, bør ha høgare innovasjonsgrad
- Vår vurdering av effekten av samanslåinga av dei tidlegare organisasjonane og spesielt om vi har synspunkt på internasjonaliserings- og profileringsarbeidet

Innovasjon Norge og rolledeling i høve andre nasjonale verkemiddelaktørar

I dette avsnittet presenterer vi kort relevant informasjon om dei øvrige nasjonale verkemiddelaktørane for å kunne drøfte "grenseflatene".

Kommunal og regionaldepartementet omtalar rolledelinga mellom dei nasjonale verkemiddelaktørane slik i statsbudsjettet for 2011:

- SIVA skal legge til rette for infrastruktur og utvikle nettverk for å støtte bedrifter i ein tidleg fase.
- **Forskringsrådet** skal bidra til at det regionale næringslivet tek i bruk forskning for å stå best mogeleg rusta i konkurransen om utvikling av nye produkt og nye marknader.
- **Innovasjon Norge** skal mellom anna bistå med rådgjeving og finansiering av nye forretningsidear
- Verkemiddelaktørane samarbeider også på tvers av innsatsområde

I evalueringa av Innovasjon Norge vert det i kap 12 tilrådd at organisasjonen bør vidareutviklast som ein kompetanseorganisasjon med rådgjevingsansvar innanfor nærings- og innovasjonspolitikken. Evaluator tek til orde for at Innovasjon Norge utviklar ei pådrivarrolle dels i eigen regi og dels gjennom andre meir spesialiserte aktørar. Det vert vist til at utvikling av / vidareutvikling av nettverk og konkurransedyktige næringsmiljø er ei oppgåve som krev ei slik aktiv pådrivarrolle.

SIVA ser det som ei viktig rolle å bygge innovative miljø. Også Norges forskingsråd har gjennom VRI(satsinga (sjå omtale i FT sak 34/10 om "Forskning og utvikling 2011 – 2014") som ambisjon å medverke til å utvikle regionale innovative miljø.

I evalueringa av Innovasjon Norge vert det mellom anna skrive (kap 11):

- Evaluator har ikkje fått indikasjonar på at det er grenseflateproblem som krev vesentleg omlegging av ansvarsinndelinga mot SIVA og Norges forskningsråd

I saka om evaluering av SIVA (Saksnr 156/10 frå møte 01.12.2010 i Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane) er følgjande vurdering henta frå saksutgreiinga:

- Både i evalueringa av SIVA og i evalueringa av Innovasjon Norge er budskapet at arbeidsdeling er rimeleg klar. Sett frå vår synsstad er ikkje biletet så eintydig som det vert framstilt frå nasjonal ståstad.
- SIVA sin innovasjonsaktivitet må ha tydeleg "infrastrukturkjenneteikn" og utviklast i "rommet" mellom fylkeskommunen / Innovasjon Norge på den offentlege sida og bedriftsrådgjevingbransjen på den kommersielle sida.

3. VURDERING

Vurderinga tek utgangspunkt i spørsmåla Nærings- og handelsdepartementet ønskjer å få svar på. I tillegg tek vi med eit avsnitt om rolledeling mellom Innovasjon Norge og SIVA / Norges Forskningsråd. Det er vidare naturleg for fylkeskommunen å vurdere forhold knytt til eigarskap spesielt. Dette gir omtale inndelt i følgjande 4 avsnitt:

3.1 Verdien for næringsutviklingsarbeidet i Sogn og Fjordane

Fylkesrådmannen er godt nøgd med Innovasjon Norge sitt arbeid i Sogn og Fjordane. Det er fagleg krevjande å dokumentere effektar, men ut frå vår lokalkunnskap kjenner vi oss sikre på at evaluator sin konklusjon om at Innovasjon Norge medverkar til verdiskaping, er ei korrekt vurdering.

Frå og med 2010 vart fylkeskommunane medeigar i Innovasjon Norge. Dette gir oss eit godt utgangspunkt for å vidareutvikle Innovasjon Norge slik at nasjonale initiativ vert enno betre tilpassa regionale føresetnader og godt samordna med mål og strategiar formulerte i det einskile fylket.

3.2 Nærare om delmålet "næringsutvikling basert på regionale føresetnader"

For Sogn og Fjordane fylkeskommune er det viktig å forsvare Innovasjon Norge også som eit distriktpolitisk verkemiddel. Distriktpolitikken kompensere for avstandsulempar og slike omsyn er aksepterte; t.d. i reglane for statstøtte. Utjamning mellom sentrale område og utkantar er ei politisk målsetting som ofte vert sett opp mot mål om høg innovasjonsgrad. Det er vanskeleg å tolke evalueringsrapporten på annan måte enn som ei tilråding om å oppprioritere høg innovasjonsgrad som mål og å nedtone distriktpolitiske omsyn. Det er i eit slikt lys vi må forstå evaluators sine framlegg om:

- meir midlar brukte sentralt
- at kvart verkemiddel bør gjerast tilgjengeleg for bedrifter frå heile landet
- å omgjere delmålet ”næringsutvikling basert på regionale føresetnader” til ei såkalla gjennomgåande føring
- rådet om å etablere meir eintydig samanheng mellom mål og verkemiddel
- rådet om å la annan organisasjon forvalte BU-verkemidla

Fylkesrådmannen tilrår at Innovasjon Norge både har eit hovudmål og eit sjølvstendig delmål som tydeleg bygger opp under føremålet med at vi har eit ”distriktpolitisk verkeområde” og som understrekar at Innovasjon Norge skal tilpasse sine prioriteringar til ulike regionale føresetnader. Den noko tekniske argumentasjonen om klarare målstruktur med tydlegare kopling mellom mål og verkemiddel, er i realiteten ”verdilada”. Det er viktig for distriktnæringslivet at næringspolitikken både kompensere for avstandsulempar samstundes som det vert lagt vekt på å utvikle eit internasjonalt konkurransedyktig næringsliv. Vestlandet har eit næringsliv som bidreg til høge eksportinntekter. Kombinasjonen av distriktpolitikk og innovasjonspolitikk har vore vellukka i Noreg. Innovasjon Norge meistrar godt både å legge til rette for bedrifter med høg innovasjonsgrad samstundes som ein utviklar landbruk og bygdenæringar. Fylkesrådmannen rår difor i frå at NHD tek til følgje dei råda frå evaluator som er refererte i dette avsnittet.

3.3 Oversiktleg verkemiddelapparat

Både i evalueringa av SIVA og i evalueringa av Innovasjon Norge er budskapet at arbeidsdelinga mellom dei tre nasjonale verkemiddelaktørane er rimeleg klar. Sett frå vår synsstad er ikkje biletet så eintydig som det vert framstilt frå nasjonal ståstad. Fragmenteringa syner seg særleg innan innovasjonspolitiske verkemiddel og arbeidsfeltet ”utvikle innovative næringsmiljø”:

- Forskingsrådet set samhandlinga mellom forskingsmiljø, verkemiddelapparatet og næringslivet på dagsorden i VRI-programmet
- Innovasjonsdivisjonen i forskingsrådet forvaltar viktige innovasjonsverkemiddel
- SIVA utviklar innovative miljø gjennom kunnskapsparkar m/ inkubatorar og næringshagar m.m.
- Innovasjon Norge har ei rekke initiativ som har samarbeid mellom bedrifter og utvikling av relasjonar til forvaltninga og kunnskapsmiljøa.
- Dei nasjonale institusjonane samarbeider om ARENA-programmet og programmet ”Norwegian Centres og Expertice”.

Alle verkemidla eller verkemiddelaktørane i oversikta ovanfor kan t.d. brukast i ei fylkessatsing på reiseliv. Verkemidla vert lansert ukoordinert. Fylkespartnarskapen må tilpasse seg søknadsfristar. Vi ønskjer oss eit nasjonalt verkemiddelsystem der forskingsrådet, SIVA og Innovasjon Norge i sterkare grad kan kombinere verkemidla og med betre høve til regional tilpassing.

Intensjonen om ”ei dør” til verkemiddelapparatet er ein viktig ambisjon. Tilbakemeldingar frå kommunane og næringslivet er at utviklinga går i feil retning.

Vi er samde i at Innovasjon Norge skal kombinere rolla som forvaltar av verkemiddel med ei meir aktiv pådrivarrolla. Ei slik utvikling vil medføre større behov for koordinert innsats frå fylkeskommunen, frå sekretariatet for regionalt forskingsfond og dei 3 nasjonale verkemiddelaktørane.

Neste evaluering av nasjonalt verkemiddelapparat bør omfatte alle tre og med vekt på heilskapen. Ei problemstilling bør vere om dei tre nasjonale verkemiddelaktørane kan ha felles fylkeskontor.

3.4 Fylkeskommunen som deleigar

Evalueringa er knytt til tidsrommet før fylkeskommunane vart deleigararar. Når tilhøvet mellom Innovasjon Norge og eigar vert drøfta, er det såleis tilhøvet til staten v/ Nærings- og handelsdepartementet som ligg til grunn. Evaluator tilrår at eigarane brukar hovudstyret meir aktivt for å utvikle Innovasjon Norge som kunnskapsorganisasjon og som næringspolitisk premissgjevar.

Etter fylkesrådmannen si vurdering er det nødvendig å ta på alvor evaluator sin kritikk av at Innovasjon Norge får komplekse styringssignal. Dette skjer både gjennom oppdragsbrev frå mange departement og gjennom program og verkemiddel initierte mellom anna frå departement. Regionalt kjem det styringssignal frå Fylkesmannen når det gjeld BU-verkemidla i tillegg til oppdrag frå fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen tilrår at arenaen "Samarbeidsforum for Innovasjon Norge" vert gitt høg prioritet som viktig arena for koordinering mellom ulike departement og fylkeskommunar. Samarbeidsforumet bør brukast aktivt til å utvikle "tonivå-styring" i praksis. Nærings- og handelsdepartementet bør vurdere å etablere ei følgjeevaluering som studerer dette dømet på tonivå-styring. Ei følgjeevaluering kan medverke til god løpande diskusjon og læring der målet må vere profesjonelt eigarskap og såleis gode styringssignal for Innovasjon Norge.

Fylkesrådmannen er helsar velkommen rådet om å styrke pådrivarrolla til Innovasjon Norge. Pådrivarrolla bør i særleg grad rettast mot bedriftsinitiativ, utvikling av innovative nettverk og innovasjonsmiljø. Rolla som kunnskapsorganisasjon for det offentlege er også viktig, men bør ha prioritet etter arbeid innretta mot bedriftene.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Sogn og Fjordane fylkeskommune vektlegg følgjande som fråsegn til høyringsdokumentet:

- Innovasjon Norge spelar ei viktig rolle for utvikling av næringslivet i Sogn og Fjordane
- Innovasjon Norge har demonstrert at organisasjonen meistrar både å ivareta distriktsutvikling og innovasjon. Innovasjon Norge må også i framtida ha som oppdrag å handtere begge desse to omsyna
- Innovasjon Norge må styrkast som "ei dør" inn til det bedriftsretta verkemiddelapparatet.
- Fylkeskommunen ser fram til rolla som medeigar i Innovasjon Norge. "Samarbeidsforum for Innovasjon Norge" må få status som ein viktig koordineringsarena mellom eigarane.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑